



Statens vegvesen

MIDT-TELEMARK KOMMUNE

Bøgata 67

3800 BØ I TELEMARK

Behandlende enhet:
Transport og samfunn

Saksbehandler/telefon:
Solveig Gunn Hellevig /
38121587

Vår referanse:
25/248616-2

Deres referanse:
25/9679-5

Vår dato:
14.11.2025

Innspel til varsel om oppstart og høyring og offentlig ettersyn av planprogrammet for kommuneplanens arealdel 2025–2035 – Midt-Telemark kommune

Saka gjeld

Syner til brev av 09.2025 med oppstartvarsel og forslag til planprogram for revidering av kommuneplanen sin arealdel (KPA) 2025–2035.

Kommuneplanens samfunnsdel med en 10 pkt. arealstrategi er vedtatt i 2019. Gjeldande kommuneplankart (KPA) med konsekvensanalyse (KU) og risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) ble vedtatt 06.12.2021. Denne revideringa av kommuneplanens arealdel har to prioriterte tema; næringsareal og areal for energiproduksjon, fornybar energiproduksjon/grøn kraftproduksjon. Kommunen vil og gjennomføre ein `planvask` i samband med denne rulleringa av KPA, jf. planprogrammet s.5.

Statens vegvesen si rolle

Statens vegvesen skal i planlegginga sjå til at vi fylgjer opp statlege planretningslinene, Nasjonal Transportplan (NTP), vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar. Transport, mobilitet og arealforvaltning er tett knytt saman. Veg- og transportsektoren er del av samfunnsproblema samstundes som sektoren er viktig for å løyse utfordringane.

Statens vegvesen legg særskilt til grunn dei nasjonale statlege planretningslinene for arealbruk og mobilitet kgl.res. av 24.01.2025 (SPR-AM) og statlege planretningslinene for klima og energi kgl.res. av 20.12.2024 (SPR-KE), i innspel til planprogrammet.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Langsævn 4
4846 ARENDAL

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

Nasjonal transportplan sitt hovudmål er eit effektivt, miljøvennleg og trygt transportsystem i 2050. Dette grip inn i og kan bidra til å løyse dei samfunnsutfordringane som er; klima- og natur, areal er ein knapp ressurs, geopolitiske forhold, aldrande befolkning og mangel på arbeidskraft.

Statens vegvesen uttaler seg på vegne av staten som forvaltar av riksvegnettet og i Midt-Telemark er det RV36, hovudvegen nord-sør i Telemark. *SVV har fylgjande strategi for vår vegbygging ; « ta vare på det vi har, utbetre der vi kan og bygge nytt der vi må ».* Vi har søkelys på tiltak som sikrar ein effektiv og trygg næringstransport igjennom Midt-Telemark og at RV36 er viktig veg i det regionale og lokale transportsystem i Midt-Telemark.

Vi har følgjande merknader og faglege råd til planprogrammet:

Midt Telemark som regionsenter

Viktig mål i kommuneplanen, er å utvikle Midt Telemark som regionsenter for Telemark, (arealstrategi 1). Midt-Telemark er med stasjonsområde et sentralt kollektivknutepunkt og det bør utgreiast korleis kollektivsambandet, regionale/nasjonale infrastruktur på veg og bane, kan utviklast for å styrke regionsenteret i Telemark. Som ein del av dette bør ein også identifisere konkrete tiltak lokalt og regionalt, for å nå mål om å få personbiltrafikken over på gang- sykkel og kollektiv (arealstrategi 4).

Dette må ein også vurdere å sjå i samband med ein revisjon av trafikktryggleikplanen, med oppdatert tiltaksliste for økt trafikktryggleik. Veg- infrastruktur og trygg trafikk er styrande for vidare utbygging av bustader, fritidsbustader og næringsutvikling.

Oppdatert areal- og klimaregnskap

Statens vegvesen meiner at eit oppdatert areal- og klimaregnskap må utarbeidast jf. SPR – AM kap.6. Klimautslepp som følgjer av anleggstrafikk og auken i personbiltrafikken som følgjer bustadbygging og hyttebygging, må medrekast i eit oppdatert klima- og areal rekneskap. Det bør og gjerast eit anslag for vegareal i landbruk- natur og friluftsliv (rekreasjon), som og vil omfatte vegareal for spreidd utbygging. I eit klima rekneskap må klimautslepp til vegutbygging og klimautslepp frå forventa trafikkauke, med i rekneskapen. Det gir, med andre ord, ikkje eit rett faktagrunnlag for klimautslepp frå transport, dersom ein berre knyter klima utslepp til utbyggingsareal.

Eit oppdatert klima- og arealrekneskap bør leggjast til grunn ved planvask, jf. SPR– AM, pkt.6.4 og den gjennomgang av eldre reguleringsplanar som er varsla i planprogrammet.

I samanheng med areal og klimaregnskapet minner vi også om at anna offentleg og privat vegbygging må ha som mål å spare natur. I dag vert særleg LNF område nedbygd og fraksjonert, som fylgje av privat vegbygging.

Bustad- og utbyggingsprogram

Transportsektoren skal bidra til å nå FN's berekraftsmål. Noreg skal vera eit lågutsleppssamfunn i 2050 og store klimakutt skal takast i veg- og transport sektoren. Vi

må planlegge så avstandar mellom bustader og naudsynte gjeremål vert mindre og kan skje med gonge– sykkel– og kollektiv. Dette gjeld både for bygd og by.

Bustad utbygging og utbygging av handels– og tenester, skal samlokalisert, slik at transportbehovet vert mindre. Ved dette utviklar vi og et samfunn som er sosialt meir berekraftig og som fremmer folkehelse. Eit samfunn med lågare avhengigheit av personbiltransport er og meir aldersvenleg for både yngre og eldre.

Ny bustadbygging skal som hovudregel skje innanfor avgrensa tettstader, lokalsenter. Spreidd bustader bør ikkje utgjere meir enn 20 – 30 % av nye bustader og etablerast i tilknytning til kommunens grendestruktur og kunne nytte dagens veginfrastruktur. I Midt Telemark kommune, kor landbruket er viktig både som næring, for kultur / identitet, og reiseliv (gardsturisme), er det viktig at busetnad på gardane vert ein integrert del av den spreidd busetnaden i landbruk– natur og friluftslivsområda i kommuneplanen. Det er viktig at den spreidd bustadbygging i LNF område vert knytt til eksisterande veginfrastruktur.

Utbygging av fritidsbustader i fjell, hei og strandsoner, er ein stor utfordring, om Norge skal innfri dei internasjonale avtalene for å bremse naturøydinga og stagge klimaendringane. Statens vegvesen vil tilråd at kommunedelplanen inkluderast i kommuneplanen og slik at utbygging av destinasjon Lifjell vert del av kommunens areal og klimarekneskap. Kommunen bør og utarbeide føresegner som både styrer og avgrensar utbygging av fritidsbustader, i areal og i tal, slik at hyttebygging ikkje kjem i strid med arealstrategi 3,4,6,7 og 8.

Kommunen bør utarbeide (dersom ein ikkje allereie har det) eit bustad – og utbyggingsprogram. Dette gir oversyn og planlagt bustadutbygginga, og gjer at ein kan oppnå fordeling 70 –30 mellom tettstader og spreidd utbygging, (arealstrategi 2 og 5). Tilsvarende oversyn og styring bør ein ha for næringsutbygging. Statens vegvesen vil rå kommunen til å vurdere om 80–20 er ein betre fordeling mellom tett og spreidd bustadbygging.

Handel

Transportauken som fylgjer utbygging av handel– og senternæringar utanfor regionsenter og lokalsentra kan kome i strid med SPR–AM. Forretningar kan ikkje etablerast på næringsareal, og omgrepet: plasskrevjande varer, kan vera besøksintensive og i strid med arealforemålet næring, ABC prinsippet og arealstrategi 5 første del, arealstrategi 4 og arealstrategi 1. Dette gjeld særleg store frittståande enkeltbygg «big boxes», varehus og outlet butikkar, med et stort utval av diverse ikkje–plasskrevjande varer.

Statens vegvesen rår difor til å og definere plasskrevjande varer til å omfatte fylgjande varegrupper: *bilar, båtar, landbruksmaskiner, bubilar og campingvogner. Andre motorkøyretøy, trelast og andre større byggevarer, og sal frå hagesentera og planteskular. Denne opplistinga er fullstendig.*

Etablering av handel– og senter bedrifter, (varehus og outlet–forretningar) i kryss på RV6 kan kome i konflikt med nasjonale transportinteresse og gi grunnlag for motsegn, Jf. SPR–AM

pkt. 3.3. om handel og tenester. Vi viser til at det ikkje skal etablerast forretningsverksemder (besøksintensiv verksemder) på næringsareal.

Energiproduksjonsanlegg

Det er lagt inn i planprogrammet :«å vurdere plassering av energiproduksjonsanlegg, som solcelle parker og vindkraftanlegg». Statens vegvesen råder kommunen til å legge inn i planprogrammet en utgreiing om kraft næringane, for å få eit fagleg kunnskapsgrunnlag før ein vedtar om og eventuelt kor ein skal etablere slike anlegg. Kva vil kommunen ha av inntekt frå slike anlegg og kor anlegga kan etablerast, utan å kome i konflikt med blant anna arealstrategi 3, 6, 7 og 10. Videre at ein slik utgreiing skjer i samarbeid med Telemark fylkeskommune, nabokommunar og nettselskapa. Statens vegvesen syner til reviderte statlege retningslinjer for klima og energi og regjeringa sitt Grønt Energiløft 2.0.

Kraftanlegg bør etablerast i nærleik til anna veg- og teknisk infrastruktur og der kraftnettet har kapasitet. Denne næringa må etablerast på stader og vera konsekvensutgreia, slik at arealbruk til «grøn kraft», gir pluss bidrag til areal- og klimaregnskapet. Vi viser til Norges vassdrags- og energi direktorat sin nettside som har informasjon og rettleiingar, for kva for konsekvensar som må utgreiast for desse kraftnæringane.

Vidare prosess

Statens vegvesen ynskjer å vera ein samarbeidspartnar i den vidare planprosessen og vi vil da kome tilbake til tema som er viktig for å fylgje statlege føringar for areal og mobilitet.

Med hilsen

Mari Kristine Kallåk
seksjonsleder

Solveig Gunn Hellevig

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

Kopi

STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMAR, Postboks 2076, 3103 TØNSBERG
Telemark fylkeskommune (2), Postboks 2844 3702 Skien, 3702 SKIEN